



**Årsmøte i  
VALDRES FOLKEMUSIKKLAG 2016  
30. mars 2016**



Gratulerer Hallgrim!

Landskappleiken på Fagernes 2015 - også i år gjekk kongepokalen til Valdres.

Etnedal spel- og dansarlag  
Begnaum spel- og dansarlag  
Vårflaumen spel og dansarlag  
Øystre Slidre spel- og dansarlag  
Vestre Slidre folkemusikk- og danselag  
Valdreskvelven spel- og dansarlag  
Valdreslaget i Oslo  
Valdresmusea

Kopi til FolkOrg

12. mars 2016

Innkalling til årsmøte 2016

Me ber med dette medlemslaga inn til årsmøte i Valdres Folkemusikklag onsdag 30. mars 2016 kl. 19.00, Festsalen på Valdres Folkemuseum.

Årsmøtet er ope for alle interesserte, og medlemmene i lokallaga har talerett. Alle medlemslaga har rett til to utsendingar med stemmerett. Styret har særskilt lyst til å oppmode representantar frå Valdres Folkemusikkarrangement og Valdresmusea om å møte. Desse har møte- og talerett. Sakliste og saksdokument ligg ved.

Representantar frå styret og tilsette i VFAS møter og orienterar frå drifta.

**VEL MØTT!**

Styret i Valdres Folkemusikklag

## Årsmøtet 30. mars 2016

### Sakliste

OPNING, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av innkalling og sakliste

ORIENTERING FRÅ FolkOrg v/ Per Øyvind Tveiten

ÅRSMELDING 2015

REKNESKAP Vfl og minnefond 2015

ARBEIDSPROGRAM 2016

BUDSJETT 2016

MEDLEMSKONTINGENT 2017

VAL

## Sak 1

### **Opning, opprop, val av møteleiar og referent, to til å skrive under protokollen, godkjenning av sakliste og innkalling.**

Årsmøtet er kunngjort på følgjande vis:

- lagt inn i kalenderen til avisa Valdres den 8. mars
- lagt ut på heimesidene til VFL 9. mars 2016
- annonsert på Facebooksida til Valdres folkemusikklag 13. mars
- e-post til lokallaga 16. mars 2016
- annonse i Avisa Valdres 17. mars 2016

Sakspapira er lagt ut på heimesidene til VFL og sendt som vedlegg i epost til lokalalaga.

Jamfør vedtekene skal innkalling og sakspapir sendast ut seinast to veker før årsmøtet.

Styret bed årsmøtet gjera dette vedtaket:

Årsmøtet godkjenner innkalling og sakliste og vel desse til ordstyrar, referent og to stykk til å skrive under protokollen:

## Sak 2

### **Informasjon frå FolkOrg**

Per Øyvind Tveiten, styreleiar i FolkOrg, informerer årsmøtet om FolkOrg sine arbeidsområde. Det blir opna for spørsmål.

## Sak 3

### **Årsmelding for Valdres folkemusikklag 2015**

#### Årsmøte

Årsmøtet 2015 vart halde 19. mars 2015 på Valdres Folkemuseum.

Det var i alt 14 frammøtte. 7 hadde stemmerett. 5 lag var representerte: Vårflaumen, Begnaljom, Vestre-Slidre folkemusikk og danselag, Øystre-Slidre spel- og dansarlag. Valdreskvelven, Valdreslaget i Oslo og Etnedal spel- og dansarlag var ikkje tilstade. Tre representantar for styret + eit varamedlem var tilstade. Valnemnda var representert ved Stian Roland. Eli-Marit Fuglesteg representerte VFAS og Per Øyvind Tveiten representerte FolkOrg.

#### Desse hadde verv i Valdres Folkemusikklag i meldingsåret:

##### Styret

Stian Roland, leiar

Mari Ormberg, nestleiar

Nils Petter Røed, kasserar

Guro Råheim Kvam, skrivar

Astrid Rogne, styremedlem

Frode Rolandsgard, 1. vara

Anne Karin Eid, 2. vara

Gro Arneng, 3. vara

##### Revisorar:

Runar Kolsrud

Kim Trønrud

##### Nemnda for minnefonda:

Frode Rolandsgard – vald for 3 år i 2013

Knut Biribakken – vald for 3 år i 2014

Ingvild Lie – vald for 3 år i 2015

##### Valnemnd:

Kjellbjørn Karsrud – vald for 1 år i 2015

Nils Rogn – vald for 3 år i 2014

Ellen Persvold – vald for 2 år i 2015

#### Styret

Styret har hatt 5 møter i meldingsåret: 6. mai, 23. september, 2. desember, 31. januar og 9. mars.

Nokre saker har og vorte drøfta på e-post mellom møta.

Leiaren i VFL har møtt på eit par av styremøta i VFAS.

## Arrangement

Valdreskappleiken:

Valdreskvelven Spel- og dansarlag arrangerte årets kappleik på Åsvang skule 9. mai 2015. Tora Skavhaug Vik var leiar for kappleiken. Ho hadde med seg godt røynde arrangørar i staben. Kappleiken hadde rekordstor deltaking.

Det er rapportert om ein triveleg og vellukka kappleik! Svært positivt å fylle pausen mellom tevling og kveldsøkta med quiz☺ Det vart ei triveleg kveldsøkt med dans, finalekonsert, og premieutdeling.

Ungdomssamling:

Det var arrangert ungdomssamling i samband med Valdreskappleiken. Dette har synt seg å vera svært positivt for arrangementet at det på den måten får ein ungdomsprofil. Innleigde lærekrefter er også med å bidra til fleire vaksne deltakarar på kappleiken. Det er lærarane på FolkemusikkUng med Frode i spissen som organiserer Ungdomssamlinga.

Dugnadsfest etter Landskappleiken:

Styret i folkemusikklaget arrangerte dugnadsfest for alle friviljuge 3. oktober på Vestre Slidre kulturhus. Jutulaget var innleigde for å spele til dans i tillegg til lokale spelemenn. Det var ein triveleg fest med god mat og godt drikke☺

## Valdres folkemusikklag har vore medarrangør i:

FolkemusikkUng

Juniorspелеmannslaget – Jan Beitohaugen Granli

Langeleikelevar – Elisabeth Kværne

Mikrolangeleiklag – Oddrun Hegge

Halling, runddans og springar/bonde – Stian Roland

Mikrospelemannslag – Ellen Persvold

Toradar – Tom Kjetil Tørstad

Pølsekoking – Frode Rolandsgard

Alle møtast to onsdagar i månaden på museet. Den eine gongen er det dans og toradar. Den andre gongen er det gruppeøvingar med alle instrument, og deretter felles dans til slutt.

I samband med Valdreskappleiken på Åsvang var det ungdomssamling med bra oppmøte.

## Valdres folkemusikkarrangement AS.

Dette er det sjuande driftsåret til VFAS.

Eli- Marit Fuglesteg var styreleiar tom september. Henrik Grøndalen vart vald som ny styreleiar på general forsamlinga. I styret sit også: Anne Marte Før, Alice Gudheim, Anne Finnbråten, Ingar Ranheim.

Kosa Seg var med på å arrangere Landskappleiken Avtala opphøyrd då selskapet vart lagt ned hausten 2015. Eli Marit Fuglesteg var engasjert som dagleg leiar frå september ut 2016. Ellen Persvold er tilsett som ny dagleg leiar med oppstart 1.1.2016.

## Strunkeveko og Landskappleiken/Jørn Hilme-stemnet

Valdres Folkemusikklag/ Valdres folkemusikkarrangement ved leiartrioikaen Eli-Marit Fuglesteg, Frode Rolandsgard og Kjellbjørn Karsrud arrangerte i år Landskappleiken. Arrangementet vart flytta til Hilme-veka,- og hadde Hilme-arrangement på kveldstid og landskappleik på dagtid. Det var ein fantastisk bra Landskappleik og Jørn Hilme- stemne! Leiartrioen med nemndsleiarar og alle frivillige gjorde ein kjempeinnsats for å lage: «The best games ever». Overskottet frå Landskappleiken, Jørn Hilme- stemnet og Strunkeveko er samla sett på 670 000,- Strunkeveko 2015 hadde om lag 80 deltakarar. Det er rapportert om eit bra arrangement.

For detaljer – sjå rapport frå Landskappleiken.

## Torleiv Bolstads minnestipend

Tildelt Sivert Andreas Holmen

## Lokallaga

Det har ikkje vore møte med leiarane i lokallaga dette året. Øystre- Slidre, Valdreskvelven og Vestre- Slidre er representerte i styret i VFL.

## Låt o' Link

Papirutgåva er lagt ned. Informasjon blir no sendt ut på Facebook, heimesida og e-post.

## Kurs

Det har vore samlingar i «Laget til fremjing av møsegrodde låttar». Desse har hatt øvingar i regi av Valdres folkemusikklag og dei hausta åtgauum og fagnad på både Valdreskappleiken og Landskappleiken.

## Samarbeid med andre

Valdres Ungdomslag gjev økonomisk støtte til våre aktivitetar retta mot ungdom. Valdres folkemusikklag har samarbeidd med kulturskulane i Valdres ved å kjøpe lærartenestar av kulturskulen til Folkemusikk Ung.

## Representasjonar

Representantskapsmøte i Rff  
Ingen møtte i år

## Årsmøtet til FolkOrg

Stian Roland møtte for VFL

## Deltaking på landskappleik og landsfestival

Det var god deltaking av valdrisar på Landskappleiken på Fagernes i år med 45 «startande». Det var jamt over svært bra juniordeltaking både i dans og spel – lovar bra for framtida! Me nemner øvste 1/3 av resultatlista og dei som har gjort opprykk til klasse A:

Landskappleiken:

*Andre eldre instrument senior*

Her var det 9 deltakarar – 4 frå Valdres.

Ole Kristian Nyhagen frå Begnaljom Spel- og dansarlag vann klassa på Bukkehorn.

### *Dans hardingfele A*

Her var det 25 deltakarar, 9 av dei frå Valdres.

Stian Roland og Tone Voldhaug, Øystre -Slidre vart Valdres beste par på 6. plass med bonde. Dei dansa også springar, og delte 7. plassen med Sivert Andreas Holmen, Vårflaumen/Tora Skavhaug Vik, Valdreskvelven og Ole Aastad Bråten/Unni Myrheim, Vårflaumen.

### *Dans hardingfele B*

Her var det 19 deltakarar, 3 av dei frå Valdres.

Knut Aastad Bråten, Vårflaumen og Bergljot Hedda Lunde, Etnedal vart nr. 2 i klassa. Marie Nystuen Berger, Vårflaumen og Ragnhild Kolsrud, Begnasljom vart nr. 3. Båe para dansa Valdrespringar.

### *Dans hardingfele C*

Her var det 22 deltakarar, 5 par frå Valdres. Ingen av desse nådde heilt opp, men det er særst positivt at me har fleire dansepar i C-klassa☺

### *Durspel junior*

Her var det 6 deltakarar, 1 valdris som heiter Tor Nythun-Bøe, og han vann heile klassa!

### *Durspel senior*

Her var det 13 deltakarar, 2 av dei frå Valdres

Tom Kjetil Tørsta frå Valdreskvelven kapra 2. plassen..

### *Gruppespel, senior*

Her var det 8 deltakarar, 2 frå Valdres

Magnhild og Ingrid frå Valdres vann klassa!

### *Halling A*

Her var det 10 deltakarar, 2 frå Valdres.

Hallgrim Hansegård, Øystre Slidres, vann klassa og kongepokalen☺

Ådne R. Geicke Kolbjørnshus, Vestre Slidre, kom på 4. plass.

### *Halling C*

Her var det 17 deltakarar. Fire deltakarar frå Valdres. Dei nådde ikkje heilt opp, men det spirer og gror i lausmiljøet – så her lyt dei passe seg etter kvart!

### *Hardingfele A*

Her var det 20 deltakarar, 4 frå Valdres.

Sivert Andreas Holmen, Vårflaumen, vart nr. 5 tett følgt av Jan Beitohaugen Granli, Øystre-Slidre (6) og Laura Ellestad, Vestre- Slidre (7).

### *Hardingfele B*

Her var det 37 deltakarar, 2 frå Valdres.

Andris Hemsing vart nr. 5 og Kjellbjørn Karsrud nr. 11. Båe spelemennene frå Vårflaumen rykka opp i A-klassa☺

### *Hardingfele C*

Her var det 23 deltakarar, 7 frå Valdres.

Sindre Tronrud, Vårflaumen vart nr 4, og Jørgen Andrisson Kvam, Valdreskvelven, vart nr. 8.

### *Lagdans, junior*

Her var det 9 deltakarar, 2 lag frå Valdres

### *Lagdans, senior*

Her var det 26 lag med og Valdres hadde 6 av dei!

Beste Valdreslag vart Vårflaumen spel- og dansarlag på 3. plass og Kjæringlaget gjorde ikkje skam på nokon med sin 7. plass.

### *Lagspel, junior*

Her var det 7 lag med, Valdres hadde 2.

Valdres juniorlangeleiklag slo til med ein flott 2. plass!

### *Lagspel, senior*

Her var det 24 deltakarar, 3 av dei frå Valdres.

Spelemannslaget til fremjing av møsegrodde låttar vart nr. 5 og Vårflaumen langeleiklag var nr. 7.

### *Langeleik junior*

Her var det 4 deltakarar, 3 av dei frå Valdres.

Ingebjørg Hegge Bratrud, Vårflaumen, stakk av med sigeren i klassen 😊

### *Langeleik, senior*

Her var det 9 deltakarar, 7 frå Valdres

Knut Aastad Bråten, Vårflaumen vann klassen. Ingvild Lie, Øystre Slidre, vart nr. 2 og Magnhild Karsrud, Vårflaumen nr. 3.

### *Munnharpe, junior*

Her var det 3 deltakarar, 2 av dei frå Valdres

### *Munnharpe, senior*

Her var det 6 deltakarar, 1 frå Valdres.

### *Open klasse*

Her var det 13 deltakarar, 2 frå Valdres

### *Vokal A*

Her var det 13 deltakarar, 2 frå Valdres

## Landsfestivalen

Fleire Valdrisar tok vegen til Lom i august for å forsvare Valdres si ære:

### *Solo durspel junior*

Her var det 7 deltakarar, 2 frå Valdres.

Tor Nythun-Bøe, Vårflaumen, vann klassa og Vegard Thon, Etnedal vart nr. 2. Flott innsats av både to – ekstra gratulasjon til Tor som vinnar av både Landskappleiken og Landsfestivalent 😊

### *Solo durspel, senior*

Her var det 19 deltakarar, 1 frå Valdres.

### *Solo andre instrument, junior*

Her var det 3 deltakarar, 1 frå Valdres

## Marknadsføring/internett

Laget har eigen nettside.

Heimesideadressa vår er: [www.valdresfolkemusikklag.no](http://www.valdresfolkemusikklag.no). Vfl har Facebook-side der ein har lagt ut informasjon og gode soger frå tradisjonshistoria regelmessig. Denne sida har delvis kompensert for nedlegginga av medlemsbladet Låt 'o Link. Det er eiga FB-side for FolkemusikkUNG

## Eiga i laget

VFAS har rydda noko for VFL i folkemusikkhuset. Det var og henta, rydda og kasta diverse utstyr, kulissar mv. i samband med landskappleiken.

## Avsluttande kommentar.

Styret hadde nok litt større ambisjonar enn det som har vore mogleg å gjennomføre, då fleire i styret har vore djupt og intenst engasjerte i tilskipinga av Landskappleiken. Styret er likevel godt nøgde med arbeidsinnsatsen gjennom året!

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet godkjenner årsmelding for 2015.

## Sak 4

### Rekneskap for 2016, Vfl og minnefonda

(Sjå vedlegg)

Nils Petter Røed har vore kasserar for laget også dette året.

- *Tilskott frå Link Bingo*. Vfl er registrert i Lotteritilsynet, alle organisasjons- / tillatelsesnr er på plass og søknad vart sendt. Vfl har fått tilskott frå Link Bingo i 2015 på 44 022,-. Det vil bli utbetalt ein årleg sum frå Link Bingo til VFL dei komande åra. Dette er kjærkomne pengar som er øymerka for ungdoms- og rekrutteringsarbeid.

- *Juniorpelemannslaget*, samarbeid med kulturskulane, Valdresmusea gjev gratis øvingslokale, samt at Vfl kjøper rabatterte instruktørtenester i kulturskulen og slepp arbeidsgjevaransvar.

- *Momskompensasjon*. Vfl søker for momskompensasjon for sin del eigen del, det gjer også VFAS. VFL har seinast fått momskompensasjon for 2014. Totalt 3970 kroner.

#### Øymerka middel

På driftskontoen står det framleis ubrukte midlar frå den testamenterte gåva frå Ragna Brenno Frydenberg, slik òg med øymerka midlar til ungdomstiltak. Kasserar fører i rekneskapen slik at vi ser kva konto som blir belasta.

Vfl har bygd opp ein god eigenkapital til fond for rekruttering. Her kan ulike rekrutteringstiltak innan folkemusikk- og dans i Valdres søkje om støtte. Det er utarbeidd egne statuttar for dette. Det blir no arbeida med å få til ein tur for dei som er med på FolkemusikkUng- satsinga.

## Valdres Folkemusikklag

Balanse 31.12.2015

Aksjer VFL As		112000
Andelsmidler		112000
Fordringer		0
Bank Driftskonto		485802
H.Røynes minnefond		16995
T.Bolstads minnefond		94782
Eiendeler		597579
Sum eiendeler:		709579
Egenkapital og gjeld:		
H.Røynes minnefond		10000
T.Bolstads minnefond		50000
Avsatt fond rekrutering		117795
Innskudd egenkapital:		177795
Avsetting	H.R. Minnef.	5553
Avsetting	T.B. Minnef.	39472
Egenkapital drift.		492759
Opptjent egenkapital:		537784
Tresnitt H.R.ære.pris		-6000
VFAs gjeld til VFL		0
Leverandør gjeld		0
Sum kortsiktig gjeld		-6000
Sum egenkapital og gjeld		709579

Minnefond			31.12.2015
Haldor Røyenes M.F. Bunde			10000
T.Bolstad	M.F. Bunde		50000
			60000
H. Røyenes minnefond		01.01.2015	16951
	Rente:	31.12.2015	44
	Uttak		0
	I Banken	31.12.2015	16995
	Avsetning til minnefond		5553
T. Bolstads minnefond.		01.01.2015	93447
	Uttak	2015	0
	Rente	31.12.2015	1335
	I Banken	31.12.2015	94782
	Avsetning til minnefond		39472
R. Brenno	Minnegave	01.01.2015	18907
-Brukt	2015		0
Står på brukskontoen		31.12.2015	18907

VALDRES FOLKEMUSIKKLAG		
	Budsjett	Regnskap
	2016	2015
Budsjeterte inntekter		
Andre inntekter	5 000	11 500
Tilskot frå Link Bingo	40 000	44 022
Medlemskontigent F.Org	15 000	19 675
Dugnadskompesasjon	60 000	50 000
Tippemidler	4 000	3 941
Tilskot frå Norsk Musikkråd	10 000	15 000
Andre tilskot/momskomp.	4 000	3 970
Juniorspelemanslag kurs	10 000	18 631
Inntekter/tilskudd	148 000	166 739
Budsjeterte kostnader:		
Lønn / arb.g.avg	2500	2400
Kurs ungdomer	40 000	24 542
Kopimaskinkostnader	0	0
Porto	0	0
Annonse/Heimeside	2 500	2 520
Kontingent F.org		0
Gaver/Minnegave	3000	6622
Andre kosnader	35 000	29 950
Reiser/overnatting /mat	3 500	3 438
Bankgebyr/Forsikring	200	185
Kostnader	86 700	69 657
Renteinntekt	2000	1 923
Inntekter/tilskudd	148 000	166 739
Kostnader	86 700	69 657
Resultat	63 300	99 005

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet tek det framlagde rekneskapet for 2015 til vitande.

## Sak 5

### **Arbeidsprogram for 2016 – 2017**

#### Målsetjinga er:

- å ta vare på folkemusikken og dansen i Valdres, ein viktig del av kulturarven vår som berre kan overleva ved å vera ein del av aktiviteten vår og liva våre.
- å gjera dette på ein slik måte at det skapar gode samværsmiljø for alle aldersgrupper, tek vare på mennesket, skapar ei identitetskjennele og kjensle av eigenverdi.

#### Midla kan vera:

- å styrke dansen i alle aldersgrupper
- å rekruttere utøvarar i alle greiner
- å oppmode utøvarar til å stille som instruktørar
- å ta vare på dei som alt er aktive, men som treng eit styrkt miljø rundt seg til ideologisk inspirasjon.
- å samarbeide med andre lag, organisasjonar og institusjonar der det er nyttig.

#### Framlegg til arbeidsprogram for 2016-2017

##### Arrangement og møteplassar

###### Valdres folkemusikklag skal:

- arrangere Valdreskappleiken 7. mai med Øystre Slidre spel- og dansarlag som lokal tilskipar.
- fungere som aktive eigarar av Valdres folkemusikkarrangement AS. Det skal vera 1 – 2 eigarmøte i løpet av året mellom styret i VFAS og styret i VFL.
- støy opp om gjennomføringa av Strunkeveko og Jørn Hilme-stemnet, yte nødvendig dugnadsinnsats.
- arbeide for å få fleire møteplassar som td ei konsertscene
- samarbeide med andre om førefallande arrangement der det er naturleg å støy opp.

##### Styrking av lokallaga

###### Valdres folkemusikklag skal:

- støtte lokallaga i arbeidet deira og samordne aktiviteten
- arrangere felles møte med alle lokallagsstyra
- støy sovande lokallag eller prøve å by aktive medlemmer i desse områda å delta i aktivitet i lag som er vakne.

#### *Hovedprioritet i 2016:*

Arrangere felles styremøte for alle lokallaga i april og november for å betre samordninga.

##### Ungdomssatsinga

###### Valdres folkemusikklag skal:

- følgje opp og leggje til rette for dansesamlingar med ungdom,
- støy opp om tiltaket Juniorspelemannslag for torader, langeleik, dans og hardingfele med samling ein gong i månaden, samt gjennomføre ei helgesamling i halvåret i samarbeid med Hallingdal juniorspelemannslag.
- disponere ungdomsfondet til beste for rekrutteringa i Valdres (eigne statuttar)

Andre viktige oppgåver

Valdres folkemusikklag skal:

- drive marknadsføring, m.a. oppdatere heimesida jamleg.
- arbeide for å ta vare på den lokale runddansradisjonen, m.a. gjennom å dra fram lokale utøvarar som kurshaldarar og vera ein støttespelar for Storefjelltreffen.
- arrangere diskusjonsforum etter behov
- arrangere kurs som miljøet har bruk for (instruktørkurs, domarkurs osv)
- bidra til at å støtte opp om eit spelemannslag for vaksne
- rydde og skaffe oversyn over eiga i laget.

*Hovedprioritet i 2016:*

- Arbeide for å få til eit prøveprosjekt i Valdres for familie- og støtte-medlemskap i FolkOrg.
- Ryddedugnad over alle eigendelar i Vfl.

Samarbeid med andre

Valdres folkemusikklag skal:

- samarbeide med Valdres folkemusikkarkiv og Valdresmusea.
- vera pådrivar for at det er kontakt mellom kulturskulane og lokallaga om felles målgruppe, opplæring og rekruttering
- ha representantar på årsmøtet til FolkOrg, og på representantskapsmøtet i Rff, og oppmode medlemmer til å delta på nyttige kurs, seminar og møte
- halde kontakt med Gudbrandsdal Folkemusikklag, og Hedmark og Oppland musikkråd.

*Hovedprioritet i 2016:*

- Evaluere og utvide avtala med kulturskula om lærekrefter i FolkemusikkUng- satsinga.
- Invitere VFAS til ein dialog for å sjå nærare på ei avtale kring administrative rutinar i Vfl.

Styret må elles vera budd på å ta fatt i aktuelle saker som dukkar opp i arbeidsåret.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet sluttar seg til det framlagde arbeidsprogrammet for 2016.

## **Sak 6**

### **Budsjett for 2016**

(sjå sak 4)

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Årsmøtet vedtek det framlagde budsjettet

## Sak 7

### Medlemspengar for 2017

Tidlegare:

Medlemspengane for vaksne kr. 50

Borne-/ ungdomskontingenten (t.o.m. 18 år) kr 25.

Styret rår årsmøtet til å gjera dette vedtaket:

Medlemspengane står uendra på kr. 50

Borne-/ ungdomskontingenten (t.o.m. 18 år) står uendra, kr. 25.

## Sak 8

### Val

Valnemnda sitt framlegg			
	Verv	Status ved valet i 2016	Framlegg for årsmøtet
	leiar		
Mari Ormberg	styremedlem	Ikkje på val	Vald for to år 2015
Astrid Rogne	styremedlem	Ikkje på val	Vald for to år 2015
	Styremedlem		
	Styremedlem		
	1. vara	På val, gjenval	Blir vald for 1 år
	2. vara	Ny vara	Blir vald for 1 år
	3. vara	På val, gjenval	Blir vald for 1 år
	Rep. Valdresmusea	Oppnemmt av Valdresmusea	

Revisorar:

Begge blir valde for eitt år.

Nemnda for minnefonda

		Framlegg frå valnemnda
Knut Biribakken	Vald for 3 år i 2014	Ikkje på val – 1 år att
Ingvild Lie	Vald for 3 år i 2015	Ikkje på val – 2 år att
	Vald for 3 år i 2016	Ny – 3 år